

VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 23/06927-116

02.09.2026

Ark.: 326.12

Oppstart av namnesak 2026/157 – mange naturnamn m.m. og namneleddet støl/støyl/staul i Vinje kommune

Kartverket har motteke mange forslag til andre skrivemåtar av stadnamn i Vinje kommune enn skrivemåtane som i dag er i offentleg bruk. Dei fleste forslaga har kome frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad ved Johan Vaa, og Møsstrond Bygdelag. Med nokre få unntak, er alle føreslegne skrivemåtar i Sentralt stadnamnregister (SSR) i Vinje kommune med i denne saka. Det store fleirtalet av desse er innmelde av Hardangervidda Grunneigarsamskipnad og Møsstrond Bygdelag.

I eit notat frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad ved Johan Vaa frå 2016 med tittelen *Retting av skrivemåte for stadnamn i Vinje*, skriv Vaa: «Notatet tek i fyrste rekke sikte på rette opp variantane *støl - staul - støyl*, som både er bruka inkonsekvent og lite i samsvar med lokal uttale. Vinje og grendene vestlengst i Totak har *støyl*, Rauland elles (og Tinn) har *staul*.»

Kartverket er einig i at det bør ryddast opp i skrivemåtebruken for namneleddet støl/støyl/staul i Vinje kommune. Kartverket har moglegheit til å gjere *samlevedtak* om einsarta skrivemåte for eit namneledd i eit område (for naturnamn og umatrikulerte seternamn. Sistnemnde kan ha namneobjekttype «seter/støl», «setervoll», «gamal busettingsplass», «bygg for jordbruk, fiske og fangst» og «annan kulturdetalj» i SSR), jf. [handbok for namnebehandling kapittel 1.2.2](#). Samlevedtaket knytast til vedtak om skrivemåten av namn som inneheld det aktuelle namneleddet, i det same området.

Det går fram av dei vedlagde namnelistene kva for nokre namn som er med i saka. Vedlegg 1 viser namna i saka som skal handsamast i sin heilskap (med nokre unntak, som er gjort greie for i merknadsfeltet). Vedlegg 2 viser alle stadnamn i Vinje kommune med namneleddet støl/støyl/staul som kan omfattast av eit samlevedtak. Nokre namn er med i begge listene. Dei namna med namneleddet støl/støyl/staul som finst i vedlegg 1 er med her fordi det er fleire moment som må vurderast, utover dette namneleddet, til dømes skrivemåten av dei andre namneledda, bunden/ubunden form eller samansettingsform. Kartverket vil gjere samlevedtak om namneleddet støl/støyl/staul på bakgrunn av vedtaka for dei enkelte namna med dette namneleddet som er med i vedlegg 1.

Vi ber om at dei som uttaler seg i saka, om mogleg bidrar til å belyse kor grensene går mellom dei ulike uttaleformene av namneleddet støl/støyl/staul innan Vinje kommune.

■ www.kartverket.no

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga for SSR: <https://stadnamn.kartverket.no/fakta/>. Når det finst fleire stader med same eller liknande namn, kan ein søke direkte på den aktuelle staden ved å skrive oppslagsnummeret til sist i nettadressa, til dømes <https://stadnamn.kartverket.no/fakta/792094>. Oppslagsnummer finn ein i dei vedlagte listene.

Saka vert teken opp for å få avklart rett skrivemåte for offentleg bruk.

Kartverket sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn, nedervde gards- og bruksnamn, stølsnamn og statlege anlegg. Før me gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn, skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det er to bruk med i saka, jf. den vedlagde namnelista.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei ulike uttaleformene.

Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd i lova. Kommunen må difor ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei ev. skal gjera vedtak. Inntil namnesaka er ferdig handsama, kan kommunen fastsetja eit mellombels adressenamn, jf. [kap. 6.6 i Adresserettleiaren](#).

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i lokalaviser og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Kvar av partane har to månader på seg til å gje høyringssvar frå dei får saka.

Høyringssvara skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo* (post@sprakradet.no), med kopi til Kartverket.

Kommunen må gjennomføra høyringa og senda høyringssvara til Språkrådet innan tre månader frå dei får dette brevet. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket.

For fleire opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Med venleg helsing

Mona Lillegård Holen
seksjonsleiar

Christian Mathiesen
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Vedlegg: 1 – Namneliste
2 – Liste over alle namn med namneleddet støl/støyl/staul i Vinje kommune som vil omfattast av samlevedtaket

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)
[Handbok for namnebehandling](#)

Kopi til: Språkrådet
Møsstrond Bygdelag
Hardangervidda Grunneigarsamskipnad (HG)
Johan Vaa